

RAMMEPLAN



for innhaldet i og oppgåvene



til barnehagen



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET



Innleiing 4

DEL 1
SAMFUNNSMANDATET TIL BARNEHAGEN 7

KAPITTEL 1
Formålet, verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen 10

- 1.1 Verdigrunnlaget til barnehagen 11
- 1.2 Barnehagar med særleg formål 14
- 1.3 Danning gjennom omsorg, leik og læring 15
- 1.4 Barn og barndom 16
- 1.5 Medverknad 17
- 1.6 Samarbeid med heimen 18
- 1.7 Barnehagen som pedagogisk verksemd 20
- 1.8 Fysisk miljø som fremjar utviklinga til alle barn 22
- 1.9 Inkluderande fellesskap med plass til det enkelte barnet 23
- 1.10 Barnehagar for samiske barn 24



DEL 2
INNHALDET I BARNEHAGEN 27



KAPITTEL 2
Omsorg, leik og læring 28

- 2.1 Omsorg 29
- 2.2 Leik 31
- 2.3 Læring 32
- 2.4 Sosial kompetanse 34
- 2.5 Språkleg kompetanse 35
- 2.6 Barnehagen som kulturarena 36




KAPITTEL 3 Fagområda

38

- 3.1 Kommunikasjon, språk og tekst 40
- 3.2 Kropp, rørsle og helse 41
- 3.3 Kunst, kultur og kreativitet 42
- 3.4 Natur, miljø og teknikk 44
- 3.5 Etikk, religion og filosofi 45
- 3.6 Nærmiljø og samfunn 47
- 3.7 Tal, rom og form 48

DEL 3 PLANLEGGING OG SAMARBEID

51



KAPITTEL 4 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

52

- 4.1 Planlegging 53
- 4.2 Dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring 55
- 4.3 Vurdering av arbeidet til barnehagen 56




KAPITTEL 5 Samarbeid

58

- 5.1 Grunnskulen 59
- 5.2 Barnevernstenesta 60
- 5.3 Helsestasjonen 60
- 5.4 Den pedagogisk-psykologiske tenesta 61
- 5.5 Utdanningsinstitusjonar 61
- 5.6 Sametinget 61
- 5.7 Andre samarbeidspartar 61



Innleiing

 Stortinget har i barnehagelova av 17. juni 2005 nr. 64 fastsett overordna føresegner om formålet til og innhaldet i barnehagen, jf. §§ 1, 1a, 2 og 3. Kunnskapsdepartementet har 1. mars 2006 med heimel i § 2 i lova fastsett forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Alle barnehagar skal byggje verksemda si på verdigrunnlaget og innhaldet i barnehagelova og på internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, mellom anna ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og FN sin barnekonvensjon. Barnekonvensjonen blei vedteken av FN i 1989, ratifisert av Noreg i 1991 og inkorporert i norsk lov i 2003. Styresmakter og organisasjonar skal i alle handlingar som gjeld barn, ta grunnleggjande omsyn til kva som er best for barnet. Staten skal sikre at institusjonane og tenestene som er ansvarlege for omsorga eller vernet av barn, har den standarden som er fastsett, særleg med omsyn til tryggleik, helse, talet på personale, personalkvalifikasjonar og kvalifisert tilsyn. Barnekonvensjonen legg vekt på at barn har rett til å uttrykkje seg.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles ei forpliktande ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen. Rammeplanen gir òg informasjon til foreldra, eigarane og tilsynsstyresmakta.

Rammeplanen rettar seg derfor mot

- barnehagepersonalet, som får ein reiskap for å planleggje, dokumentere og vurdere
- foreldra/dei føresette, som får innsikt i barnehageverksemda og høve til medverknad og medbestemming etter barnehagelova § 4
- barnehageeigarane, som kan fastsetje retningslinjer for lokal tilpassing av rammeplanen (§ 2), og som har ansvaret for at den enkelte barnehagen har dei nødvendige rammevilkåra
- kommunen, som skal føre tilsyn med at alle barnehagane i kommunen driv ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd i samsvar med lova og forskriftene (§ 16).

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Samarbeidet med heimen til barna skal liggje til grunn for verksemda. Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik, læring og danning er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse og sju fagområde viktige delar av læringsmiljøet i barnehagen, jf. kapittel 3.

Planen framhevar at dei vaksne sine haldningar, kunnskapar og evne til å møte, forstå og oppdra barn til å delta aktivt i eit demokratisk samfunn er veldig viktige. Planen har både eit her og no-perspektiv og eit framtidsperspektiv. Rammeplanen presiserer kva som gjer barnehagen til ei pedagogisk verksemd. Ei konkretisering av arbeidet til den enkelte barnehagen skal nedfella i årsplanen, som blir fastsett av samarbeids-utvalet til barnehagen.

Rammeplanen skal tilpassast varierte driftsformer og lokale forhold og rammevilkår. Kommunen og dei private eigarane bør samarbeide om retningslinjene for lokal tilpassing.



Samfunnsmandatet til barnehagen


Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier om kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehageloven § 1 Formål)



Samfunnsmandatet til barnehagen

Formålsføresegna fastset kva som er samfunnsmandatet til barnehagen, og kva verdigrunnlag barnehagen skal byggje på. Saman med innhaldsføresegna i barnehagelova § 2 gir rammeplanen nærmare reglar for kva eit barnehage-tilbod skal innehalde.

Samfunnsmandatet til barnehagen er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barna. Barnehagen skal både vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre.

Barnehagen skal støtte og ta omsyn til kvart enkelt barn, samtidig som han skal ta omsyn til fellesskapen. Barnehagen skal sikre barn under opplæringspliktig alder eit oppvekstmiljø som både gir utfordringar som er tilpassa alderen og funksjonsnivået til barnet, og som vernar barnet mot fysiske og psykiske skadeverknader. Barnehagen skal styrkje høvet til læring og aktiv deltaking i ein fellesskap med jamaldringar. Barnehagen skal ha dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som er i samsvar med eksisterande kunnskap og innsikt om barndom og behova til barn. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Ei av samfunnsoppgåvene til barnehagen er å førebyggje diskriminering og mobbing på eit tidleg stadium.


Det norske samfunnet er i tillegg til majoritetsbefolkninga sett saman av det samiske urfolket, dei nasjonale minoritetane og minoritetane med innvandrarbakgrunn. Geografisk mobilitet og ei aukande internasjonalisering har ført til at det norske samfunnet er langt meir samansett enn tidlegare. Det er derfor mange måtar å vere norsk på. Det kulturelle mangfaldet skal reflekterast i barnehagen. Sosiale, etniske, kulturelle, religiøse, språklege og økonomiske skilnader i befolkninga fører til at barna kjem til barnehagen med ulike erfaringar. Barnehagen skal støtte barna ut ifrå dei kulturelle og individuelle føresetnadene deira.





KAPITTEL 1

Formålet, verdigrunnet og oppgåvene til barnehagen



Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

(Barnehagelova § 1 Formål, 1. ledd)

1.1 Verdigrunnlaget til barnehagen

Formålet til barnehagen er å vareta barnas behov for omsorg og lek og å fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, i samarbeid og forståing med heimen til barna.

Barnehagen skal formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar og representere eit miljø som byggjer opp om respekt for menneskeverd og retten til å vere forskjellige. Menneskeleg likeverd, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving og solidaritet er sentrale samfunnsverdiar som skal leggjast til grunn for omsorg, danning, lek og læring i barnehagen.

I Noreg har den kristne og humanistiske tradisjonen hatt historisk og kulturell innverknad på samfunnsutviklinga. Kristen og humanistisk som omgrepsspar understrekar at det er retningar som historisk både har utfylt og korrigert kvarandre. Noreg er blitt eit fleirkulturelt samfunn, der religiøst mangfald blir stadig tydelegare. Ved å synleggjere religionar og livssyn i formålet godtek ein både at religionar og livssyn har ein plass i det offentlege rom, og at det er plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen. Ein slik plass må brukast som utgangspunkt for dialog, åndsfridom og respekt for mangfald, ikkje for å uttrykkje eit religiøst eller verdimesig hegemoni. Skal verdigrunn-

laget til barnehagen kunne ha legitimitet for alle som likeverdige individ, må det vere råd for barn, foreldre og tilsette med ulik religiøs og livssynsmessig tilhørsle å slutte seg til verdigrunnlaget.

Verdiforordlinga til barnehagen skal praktiserast i samsvar med menneskerettskonvensjonane som Noreg er bunde av. Internasjonale konvensjonar og norsk lov legg vekt både på foreldra sin rett til å oppdra barn i samsvar med religionen sin eller livssynet sitt og på barna sin rett til å bli kjende med samfunnet dei veks opp i. Internasjonale føresegner og norsk lov gir vern mot religiøs og kulturell diskriminering.

Menneskeverdet er grunnlaget for dei andre verdiane. Menneskeverdet kjem til uttrykk i innleiinga og i den første artikkelen i menneskerettserklæringa og er ein grunnleggjande verdi i dei fleste religionar og livssyn. *Åndsfridom* er ein føresetnad for alle kulturinstitusjonar i samfunnet. Barnehagen er ein av dei. Både i samfunnet som heilskap og i den enkelte institusjonen må kvart individ møtast med respekt for sine ideologiske og religiøse overtendingar. *Nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet* er grunnleggjande for forholdet mellom menneske.


Likestilling mellom kjønna skal komme tydeleg fram i pedagogikken til barnehagen. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn. Barnehagen skal bygge verksemda si på prinsippet om likestilling mellom kjønn. Gutar og jenter skal ha like sjansar til å bli sett og høyrde, og dei skal oppmuntrast til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar til og samfunnets forventningar til gutar og jenter. Det er viktig å fremje forvaltaransvaret overfor natur og kultur og ansvaret for livet og helsa til andre menneske allereie i barnehagen. Forståing for ei berekraftig utvikling skal fremjast i dagleglivet. Respekten for liv er grunnleggjande.

Nestekjærleik, solidaritet, toleranse og respekt skal vere grunnleggjande verdiar i barnehagen. I barnehagen er det svært viktig at barna får oppleve varme og kjærleik. I barnegruppa kan dei utvikle solidaritet med andre barn. Å leve seg inn i situasjonen til andre menneske vil bidra til medmenneskelegdom, solidaritet og toleranse. I eit globalt perspektiv er det svært viktig at barn utviklar nestekjærleik og solidariske haldningar. Barnehagen skal leggje grunnlaget for livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn i nær forståing og samarbeid med heimen til barna.

Den etiske rettleiinga barnehagen gir, må ta omsyn til alderen på barna og den kulturelle, religiøse og verdimessege tilknytninga til kvar enkelt heim. Det er avgjerande å leggje arbeidet til rette for ei felles forståing for det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal lære barna om verdiar som er forankra i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Opplæring til tru er det heimen som har ansvar for. Barnehagen må sjå til at barna ikkje kjem i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen. Integriteten til det enkelte barnet og dei enkelte foreldra skal respekterast.

Personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at verdigrunnlaget til barnehagen blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og handlingar skal inngå i dei pedagogiske drøftingane til personalet. Barnehagen må





systematisk vurdere om deira eigen praksis og kultur bidreg til å fremje verdi-
ane som skal liggje til grunn for barnehageverksemda.

1.2 Barnehagar med særleg formål

Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at verdiane i loven § 1 ikke skal forankres i den kristne og humanistiske arv og tradisjon. Private barnehager og barnehager eiet eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om tros- eller livssynsformål.

(Barnehageloven § 1a, Særlig formål)

Alle barnehagar er forplikta til å oppfylle barnehagelovas formål § 1.

Barnehagelova § 1 a Særlig formål gir private barnehagar høve til å bestemme at verdiane i formålsføresegna ikkje skal forankrast i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Slik opnar ein for at den enkelte barnehagen kan ha ein innfallsvinkel til formålsføresegna som samsvarer med religiøs og filosofisk overbevising. Føresegna gir òg private barnehagar og barnehagar som er eigde eller drivne av kyrkjelydar innanfor Den norske kyrkja, høve til å fastsetje særlege føresegner om livssynsformål. Eigaren får høve til å fastsetje føresegner som eit supplement til dei grunnleggjande verdiane i formålsføresegna. Det er ikkje høve til å sjå bort frå verdiane i formålsføresegna og forankringa dei har i menneskerettane. Føresegner om særleg formål skal fastsetjast i vedtektene. For dei barnehagane som fastset særlege føresegner om livssynsformål, skal det gå fram av vedtektene kva dei inneber. Det vil verke klargjerande for foreldra/dei føresette, barnehagepersonalet, tilsynsstyresmakta og andre. Foreldre som søker om opptak i barnehagar med særskilde føresegner om livssynsformål, har rett til informasjon om verdigrunnlaget til barnehagen. Dei har òg det same høvet som foreldre i andre barnehagar til å vere med og drøfte praktiseringa av føresegnene.

Barnehagar med særlege føresegner om livssynsformål er forplikta av dei andre føresegnene i barnehagelova og rammeplanen og regelverket elles.

1.3 Danning gjennom omsorg, leik og læring

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier om kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

(Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd.)

Barnehagen som pedagogisk verksemd har eigenart og tradisjonar som må varetakast.

Å akseptere at barndommen har ein eigenverdi, står sentralt i denne tradisjonen. Den heilskaplege og integrerte tilnærminga som karakteriserer barnehageverksemda, blir vareteke i formålet mellom anna gjennom omgrepa *omsorg, leik, læring og danning*.

I barnehagen er gjensidige samhandlingsprosessar med barn og vaksne i leik og læring og omsynet til kvarandre føresetnader for danninga til barnet. Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgivnadene og med andre og er ein føresetnad for meningsdanning, kritikk og demokrati. Danning i barnehagen skal forankrast i verdiane i formålet. Gjennom gode dannelsingsprosessar blir barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølv som ein verdifull medlem av eit større fellesskap. Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samtidig rommar danning alt dette. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngitte val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling.

Barn har rett til omsorg og nærleik. For barnehagen er det ei primæroppgåve å gi omsorg og nærleik og sørgje for at barna ut frå alder og individuelle føresetnader blir møtte med lydhørheit, innleving og vilje til samspel. Barnehagen skal gi rom for barna til å utøve empati og omsorg i kvardagen.

Barn kan uttrykkje seg på mange måtar i leik, og leiken har ein sjølvskreven og viktig plass i barnehagen. Barnehagen skal bidra til den gode barndommen ved å gi alle barn høve til å leike. Leiken er viktig for at barna skal trivast, og er ei grunnleggjande livs- og læringsform. I barnehagen skal barna få oppleve

leik både som eigenverdi og som grunnlag for læring og allsidig utvikling.

Læring skal skje i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet og skal vere nært samanvevd med omsorg, leik og danning. Dei fleste barn har barnehageerfaring før dei begynner på skulen. Det er derfor viktig å sørge for heilskap og samanheng i omsorgs- og læringstilbodet. Barnehagen skal vere retningsgivande for den breie kompetansen det enkelte barnet seinare skal vidareutvikle i opplæringa. Samtidig skal barnet sjølv ha høve til å søkje erfaringar og opplevingar åleine og i samspel med andre. Gjennom utforskning og samtale skaffar barn seg kunnskap og innsikt på mange område.

1.4 Barn og barndom

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehageloven § 1 Formål, 2. og 3. ledd)

Rammeplanen tek utgangspunkt i eit heilskapssyn på barn. Det vil seie at utviklinga blir sett på som eit dynamisk og tett samantvevd samspel mellom dei fysiske og mentale føresetnadene til barna og miljøet dei veks opp i. Barn er sosiale aktørar som sjølve bidreg til eiga og andre si læring. Samspel med andre menneske er avgjerande for korleis barn utviklar seg og lærer.

Barndommen er ein livsfase med eigenverdi, akkurat som alle andre fasar i livet. Eitt av særprege til barndommen er samspel i leik med initiativ, fantasi og engasjement. Barn undrar seg og stiller spørsmål, søker opplevingar og gjer erfaringar på eigne læringsområde. Barnehagen skal gi rom for barns ulike perspektiv og opplevingsverder. I nært samspel med omgivingane er dei aktive på alle område. Omsorg, danning, leik og læring i småbarnsalderen formar haldningane og verdiane til barn, tilliten dei har til seg sjølve og andre menneske, og motivasjonen for læring seinare i livet. Formuleringa ”å lære å ta vare på seg selv, naturen og hverandre” vil seie at barn skal få høve til å utvikle forståing for kva det vil seie, og kor viktig det er, å ta vare på seg sjølv, vise omsorg for andre og ta vare på naturen. Desse haldningane og ferdigheitene er ein viktig del av danningprosessen til barna. Barn får grunn-

leggjande og relevant kunnskap og innsikt og utviklar ferdigheiter gjennom daglege hendingar i samvær, leik og strukturerte aktivitetar. Gjennom læringsprosessar blir barn kjende med og forstår i stadig aukande grad den fysiske og sosiale verda, samtidig som dei gjenskaper og nyskaper kulturane dei er ein del av. Barnehagen må tilby alle barn eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial og kulturell bakgrunn. Det vil seie at omsorga og aktivitetstilbodet må tilpassast kvart enkelt barn og den aktuelle barnegruppa.

Barn påverkar omgivnadene gjennom aktivitetar og veremåtar. Korleis barn opplever møtet med andre, påverkar oppfatninga dei har av seg sjølv. Personalet må møte barn på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru. Synet på barn og barndom får konsekvensar for korleis personalet forstår medverknaden til barn. Å forstå dei ulike uttrykka til barn er svært viktig.

Når barn opplever barndommen som vanskeleg og konfliktfylt, må barnehagen vere bevisst på ansvaret sitt ved å leggje til rette for kompensierende tiltak. Tverrfagleg samarbeid med andre hjelpeinstansar er viktig.

1.5 Medverknad

De (barna) skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

(Barnehageloven § 1 Formål, 2. ledd)

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

(Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning)

Prinsippet om barns rett til medverknad er slått fast i barnehagelovas formålsføresegn og utdjupa i barnehagelova § 3. FNsin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølve, og at meiningane til barn skal telje. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis retten til medverknad blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Barn må både få oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at dei kan bestemme sjølve og uttrykkje egne intensjonar. Barn må støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre.

Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Dei yngste barna formidlar synspunkta sine med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler. Barn må få støtte til å undre seg og stille spørsmål. Dei må opp-



muntrast aktivt til å gi uttrykk for tankar og meiningar, og møte anerkjening for uttrykka sine. Når sjølvkjensla til barn blir krenkt, er det ein kime til omsynsløse, mobbing og manglande empati.

Barnehagen må ta utgangspunkt i korleis barna uttrykkjer seg. Personalet må lytte og prøve å tolke kroppsspråket og vere observante i forhold til handlingane, det estetiske uttrykket og etter kvart òg det verbale språket. Barnehagen må gi rom for dei ulike perspektiva til dei ulike barna og vise respekt for intensjonar og opplevingsverder. Retten barn har til ytringsfridom, skal vernast, og medverknaden må integrerast i arbeidet med innhaldsomsråda til barnehagen. For at barna skal kunne medverke, må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

Retten barn har til medverknad, krev tid og rom for å lytte og samtale. Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggjast slik at det blir tid og rom for barna til å medverke. Slik kan dei bli motiverte til å påverke kvardagen i barnehagen. Barn må erfare tydelege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile gruppa.

1.6 Samarbeid med heimen

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling

(Barnehageloven § 1 Formål)

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

(Barnehageloven § 4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg)

Nemninga *heimen* vil her seie både foreldra og eventuelt andre føresette.

Det er foreldra som har ansvaret for barns oppseding og danning. Dette prinsippet er fastsett i barnekonvensjonen og i barnelova av 8. april 1981 nr. 7. Barnehagen representerer eit kompletterande miljø i forhold til heimen. Barnehagen må vise respekt for ulike familieformer.

To omgrep i lova, *forståing* og *samarbeid*, dekkjer ulike sider ved kontakten mellom barnehagen og foreldra. Med forståing er meint gjensidig respekt og aksept av det innbyrdes ansvaret og oppgåvene i forhold til barnet. Med samarbeid er meint regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon og grunngevingar. Spørsmål som er knytte til trivselen og utviklinga til barnet og den pedagogiske verksemda til barnehagen, skal drøftast. Samarbeidet skal gi høve til å bygge opp nødvendig gjensidig forståing for dilemma som kan oppstå når omsynet til eitt enkelt barn må sjåast i forhold til barnegruppa.

Personalet må arbeide for å finne ein balanse mellom respekt for foreldra



sine prioriteringar og det å ta vare på rettane til barna og dei grunnleggjande felles-verdiane som barnehagen byggjer på.

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen må byggje på gjensidig openheit og tillit. Foreldra må kunne stole på at dei kan ta opp det som er viktig for dei som har med barnet og barnehagen å gjere, sjølv om det skulle innebere kritikk. Foreldra må bli gjort kjende med den generelle teieplikta og den spesielle opplysningsplikta personalet har i forhold til barnevernstenesta.

Både foreldra og personalet må hugse at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som personalet skal forvalte. Personalet har ansvar for å gi foreldra nødvendig informasjon om og grunngeving for barnehageverksemda og invitere foreldra til medverknad. Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt. Barnehagen må vere open for kva foreldra ventar og ønskjer både som enkeltpersonar og gruppe. Praktiseringa av verdigrunnlaget til barnehagen bør derfor drøftast med jamne mellomrom både i foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Det er særleg viktig at det blir skapt gjensidig forståing og tryggleik mellom barnehagen og heimane på dette området.

Barnehagen har ei viktig oppgåve som møtestad for barn og småbarnsforeldre og som kulturformidlar. I møte med foreldre med minioritesspråkleg bakgrunn har barnehagen eit spesielt ansvar for at foreldra kan forstå og gjere seg forstått i barnehagen. Å møte foreldre frå ulike kulturar, både innanfor det norske samfunnet og frå andre land, krev respekt, vilje til å lytte og innsikt. Det krev at personalet er bevisste og tydelege i yrkesrolla og trygge på sin eigen kompetanse.

Foreldra kan ha behov for hjelp og rettleiing når det gjeld oppsedingsspørsmål. Det kan i enkelte tilfelle vere rett å søkje ekstern hjelp og rettleiing i arbeidet med barn og familiar i vanskelege situasjonar. Foreldra må bli informerte om ulike hjelpeinstansar i kommunen, jf. kapittel 5.

Foreldra er sikra medverknad i den samla barnehageverksemda gjennom å delta i foreldreråd og samarbeidsutval.

1.7 Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehageloven § 1 Formål, 3. ledd)



Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 1. ledd)

Barnehagen har ei viktig rolle som oppvekst- og læringsområde for barn under opplæringspliktig alder. Barnehagen skal støtte utviklinga ut frå føresetnadene til barnet og gi kvart enkelt barn og kvar enkelt barnegruppe utfordringar. Han skal gi eit individuelt tilpassa og likeverdig tilbod og bidra til ein meningsfull oppvekst uavhengig av funksjonsnivå, bustad, sosial, kulturell og etnisk bakgrunn. Barnehagen som pedagogisk verksemd har både eigenart og tradisjonar som må takast vare på, samtidig som ein ser barnehagen i samanheng med verksemda til skulen. Å sjå omsorg og danning, lek, kvardagsaktivitetar og læring i samanheng er eit særtrekk ved norsk barnehagetradisjon. Barnehagen er ein kulturskapar og har ei viktig rolle som kulturformidlar.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til barnehagen er å gi barna omsorg og nærleik og leggje forholda til rette for allsidig utvikling. Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Korleis barn opplever møte med andre, vil påverke korleis dei ser på seg sjølve. Det er derfor viktig å understreke at barn må møtast med tillit og respekt. Å bli teken på alvor er avgjerande som motivasjon for læring og som grunnlag for å utvikle tillit både til seg sjølv og andre. Leiken står sentralt for trivsel og utfolding, og samspel i lek er viktig for ei allsidig utvikling. Barnehagen må gi rom for barns initiativ, fantasi og undring. Som pedagogisk verksemd skal barnehagen leggje til rette for at barna blir kjende med verda rundt seg.

Samspel med andre er avgjerande for utviklinga til barn. Fellesskapet i barnehagen er derfor viktig som læringsarena, og vennskap blir grunnleggjande for eit godt fellesskap. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan danne vennskap. Det skal ikkje vere rom for nokon former for diskriminering eller krenkjande ord og handlingar i barnehageverksemda. Av respekt for både fellesskapet og enkeltindividet må dette reflekterast i det daglege arbeidet og i alle samanhengar der barnehagen er ansvarleg. Likestilling mellom kjønna skal reflekterast i barnehagepedagogikken. Personalet må tenkje over sine eigne haldningar og kva forventingar samfunnet har til gutar og jenter.

Barnehagen skal ha ei pedagogisk leiing. Styraren og den pedagogiske leiaren har eit særleg ansvar for å planleggje, gjennomføre, vurdere og utvikle oppgåvene og innhaldet i barnehagen. Dei er òg ansvarlege for å rettleie personalet, slik at alle får ei felles forståing av kva ansvar og oppgåver barnehagen har. Styraren skal mellom anna sørge for at dei enkelte medarbeidarane får ta i bruk kompetansen sin.

Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, slik at han er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Kvalitetsutviklinga i barnehagen inneber ei stadig utvikling av kompetansen til personalet.

1.8 Fysisk miljø som fremjar utviklinga til alle barn

Den (barnehagen) skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap.

(Barnehageloven § 1 Formål, 3. ledd, annet punktum)

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 2. ledd)

Barnehagen skal ha areal og utstyr nok til lek og varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og høve til å lære og meistre. Veksling mellom lek, læring, konsentrasjon og utfolding er grunnleggjande for fysisk og psykisk velvære. Utforminga av det fysiske miljøet ute og inne gir viktige rammevilkår for trivsel, opplevingar og læring. Barnehagen må sjå dei fysiske rammene for læringsmiljøet til barna som ein heilskap. Naturområda og nærmiljøa kan òg gi opplevingar og utfordringar.

Det fysiske miljøet i barnehagen skal utformast slik at alle barn får gode høve til å delta aktivt i lek og andre aktivitetar. I tilrettelegginga av det fysiske miljøet må ein ta omsyn til at barn i ulike aldrar og på ulike meistringsnivå skal bruke dei same areala. Småbarn har stort behov både for tumleplass ute og inne og plass til ro og konsentrasjon. Utforminga må ta omsyn til at barn har behov for å danne grupper, og at det skjer ulike aktivitetar på same tid. Leiker og materiell som er tilgjengelege i eit oversiktleg miljø, skaper grunnlag for lek og aktivitetar og for organisering av ulike lærings situasjonar.

Når ein planlegg barnehageutforminga, må ein ta omsyn til samfunns målet om å bygge ned funksjonshemmande barrierar. Planlegging, lokalisering og bygging av nye barnehagar bør vere basert på prinsippet om universell utforming. Det vil seie at produkt, byggverk og uteområde skal utformast på ein slik måte at alle menneske skal kunne bruke dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

1.9 Inkluderande fellesskap med plass til det enkelte barnet

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehageloven § 1 Formål, 3. ledd)

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 3. ledd)

Barn i opplæringspliktig alder er ikkje ei einsarta gruppe, og barna møter barnehagen med ulike føresetnader. Likeverdige barnehagetilbod av god kvalitet krev derfor individuell tilrettelegging av tilbodet og lokal tilpassing av innhaldet.

Barnehageinnhaldet skal utformast slik at både det enkelte barnet og gruppa opplever det som meningsfullt. Omsorgs- og læringsmiljøet i barnehagen skal fremje trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigenverd hos barnet. Barnehagen må gi det enkelte barnet støtte og utfordringar ut frå eigne føresetnader og bidra til eit meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og vaksne.

Personalet har ansvar for at alle barn, uavhengig av funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn, får oppleve at dei sjølve og alle i gruppa er viktige personar for fellesskapen. Barnehagen skal vere eit miljø der ulike individ og ulike kulturelle ytringar møtest i respekt for det som er forskjellig. Å granske kva som er ulikt, og kva som er felles, kan gi grunnlag for forståing og innsikt. Når ein møter noko som er ulikt eins eige, kan ein bli positivt nysgjerrig på likskapar og ulikskapar ved menneske og kulturar. Barnehageinnhaldet må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan ta del på ulike måtar ut frå interesser, kompetansar og utviklingsnivå.

Barnehagen har eit særleg ansvar for å førebygge vanskar og oppdage barn med særskilde behov. For desse barna kan det vere aktuelt å gi eit spesielt tilrettelagt tilbod. Tilrettelegginga kan gjelde både sosiale, pedagogiske og/eller fysiske forhold i barnehagen. Foreldra og eventuelt støtteapparatet rundt barna er viktige samarbeidspartar for barnehagen, jf. kapittel 5.

Dagleglivet i barnehagen skal vere prega av samvær som inneber at personalet lyttar til, støttar og utfordrar barna. Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverkar avvising, mobbing og vald. Personalet må medverke til at individualiteten til kvart enkelt barn og behovet for sjølvutfolding kan skje innanfor trygge rammer og normene og reglane i fellesskapen.

1.10 Barnehagar for samiske barn

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

(Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald, 3. ledd)

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

(Barnehagelova § 8 Kommunens ansvar)

Noreg har, med bakgrunn i dei særskilde rettane til urfolket, ei særleg plikt til å verne interessene til samiske barn og foreldre, jf. ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk. Samiske barn treng støtte til å ta vare på og utvikle språket og kulturen uavhengig av kvar i landet dei bur. Barnehagar for samiske barn i samiske distrikt skal vere ein integrert del av det samiske samfunnet og synleggjere mangfaldet, fargerikdommen og variasjonane i det samiske samfunnet. Dei skal ha vedtektsfesta at barnehagen har som formål å styrkje den samiske identiteten til barna ved å bruke samisk språk og formidle samisk kultur, samisk levesett og samiske samfunnsforhold. Sentrale element frå samisk barneoppseding bør takast vare på både i arbeidsmåtane og kvardagslivet. Barnehagetilbodet må organiserast slik at barn får vere med i ulike arbeidsprosessar og delta i kulturell og sosial verksemd. Det er ein føresetnad at personalet kan samisk.

I barnehagar med samiske barn utanfor dei samiske distrikta har foreldra og barna rett til å vente at barnehagepersonalet har kjennskap til og legg vekt på at også den samiske kulturen skal vere ein del av innhaldet i barnehagen.







Innhaldet i barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og det skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtte språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær. Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til leik, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting. Ein må sjå arbeidsmåtane og innhaldet i samanheng. Arbeidsformene må støtte det nysgjerrige, kreative og lærevillige hos barna. Personalet må lytte når barna undrar og søker kunnskap. Barn skal ha stor fridom til å velje aktivitetar. Å finne den rette balansen mellom barneinitierte og vaksenleidd aktivitetar er ei utfordring.

Barnehagen skal sjå omsorg og danning, leik, læring og sosial og språkleg kompetanse i samanheng. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barnet er medskapar av sin eigen kultur. Alt dette er ein del av innhaldet i barnehagen, og ein må sjå på det som ein del av ein samanvoven og kompleks heilskap.

For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring. Desse områda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen. Gode opplevingar, erfaringar og læring innanfor desse områda i barnehagen kan gi barna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir.



KAPITTEL 2

Omsorg, leik og læring



Barnehagen skal gi barn tru på seg sjølv og andre. Aktivitet, engasjement og deltaking i barnehagefellesskapen gir barna kunnskap om seg sjølv i forhold til andre. Ved å bli kjent med det som er forskjellig, blir barnet bevisst på seg sjølv og personlegdommen sin. Å respektere det som er forskjellig, er ein del av verdigrunnlaget til barnehagen. Barn undrar seg over handlingar og haldningar i møte med kvarandre, og det legg grunnlaget for ein kritisk refleksjon om seg sjølv i samfunnet. Omsynet til kvarandre og gjensidig samhandling i lek og læring er ein føresetnad for barns danning. Å møte spørsmåla og undringa på ein yrkesetisk forsvarleg måte legg grunnen for medverknaden til barnet. Barn må få støtte og rettleiing når det gjeld handlingar og haldningar. Danning og medverknad kan bli sett på som gjensidige prosessar. Slik kan barn få eit positivt forhold til seg sjølv og si eiga læring. Dei kan utvikle respekt og forståing for det som er annleis. Alle barn har krav på å bli møtte som den dei er. Personalet skal hjelpe barna til å forstå at handlingane deira kan gå ut over andre. Ikkje alle handlingar er akseptable.

2.1 Omsorg

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

(Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd, første punktum)

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Barnehagepersonalet har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barna i barnehagen. Omsorgsplikta stiller krav til personalet om merksemd og openheit overfor det unike hos kvart enkelt barn og det unike i situasjonen og gruppa.



Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet og komme til uttrykk når barna leiker og lærer, i stell, måltid og påkleding. Omsorg har verdi i seg sjølv. Omsorg er nært knytt til oppseding, helse og tryggleik og er samtidig ein viktig føresetnad for utvikling, læring og danning. Det ligg mykje omsorg i å gi barn varierte utfordringar og rom for meningsfylte aktivitetar. Barnehagen skal tilby barn eit miljø som er prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapen. God omsorg styrkjer føre-setnadene for å utvikle tillit til seg sjølv og andre, gode relasjonar og til gradvis å ta større ansvar for seg sjølv og fellesskapen.

Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna og om omsorga barna viser kvarandre. Å gi barn sjansen til å gi og ta imot omsorg for kvarandre er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse og eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv.

I danning inngår oppseding som ein prosess der vaksne både leier og rettleier neste generasjon. Gjennom oppseding og danning blir verdier, normer, tankar og uttrykks- og handlingsmåtar vidareførte, endra og forhandla om. Personalet skal rettleie barna i vekslinga mellom samfunnsnormer og sosiale krav og eigen veremåte. Barn må få hjelp til å oppfatte kva rammer som er akseptable i samvær med andre. Oppseding og danning må skje i nær forståing og samarbeid med heimen til barna. Personalet i barnehagen må kunne grunngi verdistandpunkt knytte til oppseding og danning både overfor seg sjølve og foreldra.

I barnehagelivet er det komplekse samspel mellom menneske. Omsorg handlar om eit gjensidig samspel. Barn skal møtast på ein omsorgsfull måte. Det krev eit ansvarsbevisst personale som er nærverande og engasjert i trivselen og utviklinga til det enkelte barnet.

Personalet har eit særleg ansvar for at barn som opplever omsorgssvikt i heimen, har det trygt og stabilt i barnehagen. Barnehagen og barnevernet skal samarbeide om å gi desse barna eit godt tilbod, jf. kapittel 5.

Danning skal skje i tråd med verdigrunnlaget til barnehagen og leggje grunnlaget for at barn skal kunne delta aktivt i eit demokratisk samfunn. Barn skal både tilpasse seg og oppmuntrast til å vere sjølvstendige og kritiske til normer og ulike former for påverknad.

2.2 Leik

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

(Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd, første punktum)

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 2. ledd)

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen. Leiken er eit allmennmenneskeleg fenomen der barn har høg kompetanse og stort engasjement. Han er ei grunnleggjande livs- og læringsform som barn kan uttrykkje seg gjennom.

Leiken har mange uttrykksformer og kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder og språkleg og kulturell ulikskap. Eit leikefellesskap legg grunnlaget for vennskap. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt. I samhandling med kvarandre blir grunnlaget for læring og sosial kompetanse lagt. På den andre sida kan makt og utestenging i leiken hindre vennskap og gode relasjonar.

Barn lærer og utviklar ein samansett kompetanse gjennom leiken. Ved å «late som» går barn inn i si eiga førestellingsverd, tek perspektivet til andre og gir form til tankar og kjensler. Gjennom utforsking og samtale om verda og fenomen skaffar dei seg kunnskap og innsikt på mange område. Leik med den fysiske verda både ute og inne inneber utforsking og bearbeiding av inntrykk.

Leiken er ein del av barnekulturen og speglar forhold i oppvekstmiljøet og samfunnet generelt. I leiken blir dessutan barnekulturelle tradisjonar overførte frå eldre til yngre barn. Leik, estetiske aktivitetar, humor og kreativitet er fenomen som har med kvarandre å gjere. Leiken til små barn er tett knytt til den særeigne humoren deira. Hos dei yngste barna har humoren først og fremst ein kroppsleg basis og blir vesentleg utvikla gjennom samhandling barna imellom. Utgangspunktet for leiken er at barn er nysgjerrige og har ulike evner og føresetnader.

Uteleik og uteaktivitet er ein viktig del av barnekulturen som ein må ta vare på, uavhengig av geografiske og klimatiske forhold. Barna bør få impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet.

Barnehagen skal fysisk og organisatorisk leggje til rette for variert leik. Barnehageinnhaldet bør inspirere til fantasi, skaparglede og livsutfalding. Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken. Det vil òg danne grunnlaget for å sikre at alle barn får gode erfaringar og ei oppleving av å meistre samspelet med andre barn i leik. Barn som ikkje deltek i leik, som blir haldne utanfor eller øydelegg leiken for andre, må få særleg oppfølging.

2.3 Læring

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

(Barnehageloven § 1 Formål, 2. ledd)



Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 5. ledd)

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Det skal barnehagen støtte opp under og slik gi eit godt grunnlag for livslang læring og danning. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barn kan lære gjennom alt dei opplever og erfarer på alle område. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte, slik at det dannar grunnlaget for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. Interessene og spørsmåla til barna bør danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen. Korleis personalet møter uttrykka til barna gjennom kropp, språk, kjensler og sosiale relasjonar, er viktig for læringa. Vennskap og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er ein føresetnad for god læring og ei oppleving av glede og meistring.

Læring om seg sjølv, om andre menneske, om samspel og om den fysiske verda omkring er prosessar som er med på å skape meining for barna. Barnehagen skal styrkje læringa i formelle og uformelle lærings situasjonar. Personalet planlegg og leier dei formelle situasjonane. Uformelle lærings situasjonar er nærmare knytte til kvardagsaktivitetar og her- og- no-situasjonar i leik, oppseding og anna samhandling. Det er ikkje formålstenleg å trekkje eit klart skilje mellom formelle og uformelle lærings situasjonar. Begge har eit pedagogisk formål. Dei sju fagområda må knytast til både formelle og uformelle lærings situasjonar.

Personalet i barnehagen må ha eit aktivt forhold til læringsprosessane til barna. Nokre barn oppsøker stadig lærings situasjonar sjølve. Dei utforskar og eksperimenterer, søker nye utfordringar og spør personalet når det er noko dei lurar på. Dei kommuniserer at dei er nysgjerrige og lærelystne. Andre barn oppsøker sjeldnare nye situasjonar og kommuniserer i mindre grad interessene sine. Personalet må dele av kunnskapen sin og vere engasjerte og oppfinnsame for å vekke interesse hos desse barna. Ved å ta utgangspunkt i det barna er interesserte i, kan personalet saman med barn undersøkje, stille spørsmål og finne svar som barn kan vere nøgde med. Formidling av aktuell og relevant kunnskap legg grunnlaget for nye spørsmål og leiting etter kunnskap.

Læring er prega av kvaliteten på samspelet mellom barna og personalet. Personalet skal leggje vekt på å rose barna når dei lærer. Støtte og utfordring gjennom varierte opplevingar, kunnskap og materiale kan fremje læringa. Tidlege opplevingar og erfaringar påverkar sjølvoppfatninga. Derfor blir handlingane og haldningane personalet møter lærings erfaringane til barna med, avgjerande.

2.4 Sosial kompetanse

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehageloven § 1 Formål, 3. ledd)


Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 4. ledd)

Tidlege erfaringar med jamaldringar er svært viktig for samspelsevnene og gjer barnehagen til ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. Alle barn i barnehagen, uavhengig av alder, kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsnivå, må få likeverdige høve til å delta i meningsfylte aktivitetar i ein fellesskap med jamaldringar. Danning i barnehagen har som mål at barna skal bli sjølvstendige og trygge på seg sjølve som individ og på sin personlege og kulturelle identitet.

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Barn uttrykkjer og tileignar seg denne kompetansen i samspel med kvarandre og med vaksne. Kompetansen blir spegla i den evna barn har til å ta initiativ til og halde på vennskap. Forståing for sosiale forhold og prosessar og meistring av sosiale dugleikar krev erfaring med og deltaking i fellesskapen. Sosial kompetanse blir utvikla kontinuerleg gjennom handlingar og opplevingar. Det skjer i alle situasjonar i løpet av dagen. Alle barn må få varierte samspels erfaringar. Barnehagekvardagen bør vere prega av gode kjenslemessige opplevingar. Glede, humor og estetiske opplevingar må vere kjenneteikn på korleis barna har det i barnehagen. I omsorg, leik og læring blir den sosiale kompetansen til barn både uttrykt og stadfesta ved at dei viser evne til å leve seg inn i andre sin situasjon og viser medkjensle. Barn kan tidleg vise at dei bryr seg om kvarandre, løyser konfliktar og tek andre sitt perspektiv. Dei kan ta omsyn og vise omsorg. Det skjer både gjennom kropslege og språklege handlingar. Dei må få trening i å medverke til positive former for samhandling. Opplevingar av eigenverd og meistring, leik med jamaldringar og tilhøyrslø i eit positivt fellesskap skal prege barnehagen.

Barnehagen skal bidra til at barn blir trygge på og stolte over si eiga tilhøyrslø og får respekt for andre kulturelle verdiar og ytringar. Barn blir utfordra gjennom samhandling til å kunne meistre balansen mellom sjølvhevdning og det å sjå kva behov andre har. Sosial kompetanse er vesentleg



for å motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing. Barnehagen har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging på dette området.

Barnehagen skal arbeide kontinuerleg med å støtte og fremje dei sosiale dugleikane til det enkelte barnet og barnegruppa. Personalet er rollemodellar og bidreg gjennom eigen veremåte til at barn lærer sosiale dugleikar. Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skape eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Rosande og støttande relasjonar er eit grunnlag for å utvikle sosial kompetanse.

2.5 Språkleg kompetanse

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for språkutvikling. Samhandling gjennom kroppsspråk og lek med lydar er ein vesentleg del av måten det vesle barnet nærmar seg andre menneske på. At vaksne oppfattar og stadfester uttrykket til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis talespråket utviklar seg vidare. Språket er personleg og identitetsdannande og nært knytt til kjensler. Morsmålet er viktig for opplevinga av eigen identitet og meistring på mange område. Eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggjande føresetnad for den vidare språklege utviklinga, også når det gjeld skriftspråk og leseforståing.

Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Nokre barn har sein språkutvikling eller andre språkproblem. Dei må få tidleg og god hjelp.

Felles opplevingar og aktivitetar gir eit unikt høve til kommunikasjon mellom barn. I samhandling mellom barn er det viktig å bli forstått. Barn bruker ofte ein meir fantasifull og kreativ kommunikasjon seg imellom enn saman med vaksne. Ei veksling mellom bruk av kropp, rørsle og ord er ei støtte for talespråkutviklinga. I leiken bruker barna ofte variert og komplisert tale.

Mange barn har eit anna morsmål enn norsk og lærer norsk som andrespråk i barnehagen. Det er viktig at barna blir forstått og får høve til å uttrykkje seg. Barnehagen må støtte at barna bruker morsmålet sitt og samtidig arbeide aktivt med å fremje den norskspråklege kompetansen til barna.

Personalet er viktige som språklege førebilete. Samtalar, høgtlesing og varierte aktivitetar som beskrive under fagområdet kommunikasjon, språk og tekst er viktige sider ved barnehageinnhaldet.

2.6 Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 4. ledd)

Med kultur forstår vi her kunst og estetikk, felles åtferdsmønster, kunnskapar, verdier, haldningar, erfaringar og uttrykksmåtar. Kultur handlar om arv og tradisjonar, om å skape og levandegjere, fornye og aktualisere. Kultur blir utvikla i spenninga mellom tradisjon og fornying. Både lokale og nasjonale kulturverdier, slik dei speglar seg i oppvekstmiljøet til barna, må vere representerte i barnehageverksemda.

Barnehagen er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet. Vekselspel mellom formidling og eigenaktivitet skal vere ein del av særpreget til barnehagen. Barnehagen må vere open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda.

Med barnekultur forstår vi her kultur av, med og for barn. Barn deltek i kultur og skaper sin eigen kultur. Barn gjenskaper sjølve og fornyar kulturen i samspel med kvarandre, med vaksne og med det kulturmettet dei får med andre menneske og situasjonar. Barn tolkar inntrykka sine og skaper mening ved å leike og gi form til det dei er opptekne av. Kulturskapinga og leiken til barna fremjar kommunikasjon på tvers av kulturar. Barn må få høve til å uttrykkje seg gjennom mange «språk» og kombinere dei i leikande fellesskap og med ulike estetiske uttrykk. I mediesamfunnet vårt får barn mange inntrykk. Dei må få hjelp til å bearbeide inntrykka og til å reflektere over og sortere informasjonen.

Folk i Noreg er prega av språkleg, kulturelt og religiøst mangfald, noko som er verdifullt og ein styrke for fellesskapen i barnehagen. Barnehagen skal leggje til rette for likeverdig dialog og samhandling mellom ulike grupper. Barn som tilhøyrer det samiske urfolket, dei nasjonale minoritetane og etniske minoritetskulturar, må få støtte i å utvikle den doble kulturtilhøyrsla. Når barn møter ulike kulturar og tradisjonar, legg det grunnlaget for respektfull samhandling mellom ulike etniske grupper. Medvit om eigen kulturarv og deltaking i andre kulturar skal bidra til at barn kan setje seg inn i korleis andre har det.

Personalet må vere tydelege modellar og bevisste på sin eigen kulturelle og verdimesseige ståstad. For å ta vare på oppdragarmandatet til barnehagen må personalet erkjenne rolla som kulturformidlarar gjennom sin eigen vere-måte. Personalet må vere opne for å reflektere over sine eigne haldningar og handlingar.

Barnehagen bør ta del i kulturen i nærmiljøet gjennom møte med institusjonar, organisasjonar og enkeltpersonar. Eldre generasjonar kan dele viktig kunnskap med barna og personalet i barnehagen. Personalet bør formidle tradisjonar som skaper tilhøyrsla, gjennom bøker, litteratur, song, musikk og kreativ verksemd. 🧸





KAPITTEL 3

Fagområda

**Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang.
De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen.
Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter.**

(Barnehageloven § 1 Formål, 2. ledd)


**Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns
egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og
mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.**

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 4. ledd)



Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt. Fagområda opptrer sjeldan isolert. Fleire område er ofte representerte samtidig i eit temaopplegg og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel i leik og kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. At barn får rike fellesopplevingar og del i kunnskapar på mange område, er òg ein føresetnad for at det skal bli god leik og eit godt samspel mellom barna.

For kvart fagområde er det formulert mål for arbeidet med å fremje utviklinga og læringa til barna og presisere personalansvaret. Måla som rettar seg mot opplevingar og læring, er formulerte som prosessmål. Det er sjølve læringsområdet og arbeidsmåtane barna skal bli kjende med. Arbeidet med fagområda må tilpassast alderen og interessene til barna, gruppesamansetjinga og andre føresetnader. Lærestoffet, arbeidsmåtane, utstyret og organiseringa må leggjast til rette med tanke på at barn har ulike behov. Alle skal få like høve til å møte utfordringar som svarer til det utviklingsnivået dei er på. Nokre barn treng spesialpedagogisk hjelp, jf. kapittel 5.



Korleis fagområda blir tilpassa interessene til det enkelte barnet, gruppa og det lokale samfunnet, skal avgjerast i den enkelte barnehagen og nedfellast i årsplanen til barnehagen. Her må progresjonen òg tydeleggjerast.

3.1 Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Kommunikasjon skjer i eit vekselspel mellom å ta imot og tolke ein bodskap og å sjølv vere avsendar av ein bodskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst.

Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna

- lyttar, observerer og gir respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne
- vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd
- bruker språket for å uttrykkje kjensler, ønske og erfaringar, til å løyse konflikhtar og til å skape positive relasjonar i leik og anna samvær
- får eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar og kunnskapar, samtalar og som inspirasjon til fabulering og nyskaping

- lyttar til lydar og rytme i språket og blir fortrulege med symbol som tal og bokstavar
- blir kjende med bøker, songar, bilete, media o.a.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- vere bevisste på at dei er førebilete når dei lyttar, gir konstruktiv respons og bruker kroppsspråk, talespråk og tekst
- fremje tillit mellom barna og mellom barn og vaksne, slik at barna føler glede ved å kommunisere og er trygge når dei bruker ulike språk- og tekstformer i kvardagen
- leggje til rette for meningsfulle opplevingar og skape tid og rom for bruk av nonverbalt og verbalt språk i kvardagsaktivitetar og leik og i meir tilrettelagde situasjonar
- skape eit språkstimulerande miljø for alle barn og oppmuntre til å lytte, samtale og leike med lyd, rim og rytme, og til å fabulere ved hjelp av språk og song
- vise forståing for at morsmålet til barnet er viktig
- oppmuntre barn med to- eller fleirspråkleg bakgrunn til å vere språkleg aktive og samtidig hjelpe dei til å få erfaringar som byggjer opp omgrepsforståinga og ordforrådet på norsk
- støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- la barna møte symbol som bokstavar og siffer i daglege samanhengar og støtte barna når dei tek initiativ til å telje, sortere, lese, leikeskrive eller diktere tekst
- skape eit miljø der barn og vaksne dagleg opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale, og vere bevisste på kva etiske, estetiske og kulturelle verdiar som blir formidla.

3.2 Kropp, rørsle og helse

I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølve å kjenne. Ved sanseintrykk og rørsle skaffar barn seg erfaring, dugleik og kunnskap på mange område. Når barn kontaktar andre barn, startar dei ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette er viktig for utviklinga av sosial kompetanse. Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp. Variert fysisk aktivitet både inne og ute har svært mykje å seie for utviklinga av motorisk dugleik og kroppskontroll. Aktiv bruk av natur og nærmiljø gir mange moglegheiter.

Gjennom arbeidet med kropp, rørsle og helse skal barnehagen bidra til at barna

- får ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring
- skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige rørsler og utfordringar
- vidareutviklar kroppskontrollen, grovmotorikken, finmotorikken, rytmen og den motoriske kjensleevna
- får gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider
- utviklar glede over å bruke naturen til utforskning og kroppslege utfordringar og får forståing av korleis ein bruker og samtidig tek vare på miljøet og naturen
- utviklar forståing og respekt for sin eigen og andre sin kropp og for at alle er forskjellige
- får kunnskap om menneskekroppen og forståing for kor viktig det er med gode vanar og eit sunt kosthald.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- organisere kvardagen slik at det er ei gjennomtenkt veksling mellom periodar med ro, aktivitet og måltid, og bidra til at barna kan lære gode vanar og haldningar og få kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile
- sørge for god planlegging og fleksibel tilrettelegging og utnytting av det fysiske miljøet og vurdere korleis nærmiljøet kan supplere barnehageareala til ulike årstider
- sørge for at kropps- og rørsleskulturen i barnehagen reflekterer mangfaldet i den kulturelle forankringa til barna, og ta omsyn til kulturforskjellar når det gjeld forholdet til kropp
- leggje til rette for og inspirere til trygg og utfordrande kroppsleg leik og aktivitet for alle, uavhengig av kjønn og kroppslege, psykiske og sosiale føresetnader
- forstå og gi oppmuntrande stadfesting på sansemotorisk og kroppsleg leik og inspirere alle barn til å søkje fysiske utfordringar og bruke kroppen sin
- følge opp barns leikeinitiativ og tilby leik og spel der barna er fysisk aktive og opplever glede gjennom meistring og fellesskap
- skape vilkår for kroppsleg leik og aktivitet der ein òg bryt med tradisjonelle kjønnsrollemønster, slik at jenter og gutar på ein likeverdig måte kan delta i alle aktivitetsformene
- ta vare på helsa og tryggleiken til barna og kunne utføre førstehjelp.

3.3 Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen må gi barn høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølve å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyrsl. Barn skaper sin eigen kultur ut frå egne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får



barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Fagområdet gjeld uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Kunst- og kulturformidling gjer at barna blir fortrulege med og føler tilhørsle til kulturelle uttrykksformer.

Gjennom arbeidet med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna

- lærer å lytte, observere og uttrykkje seg gjennom allsidige møte med og refleksjon over kultur, kunst og estetikk
- styrkjer den kulturelle identiteten sin og det personlege uttrykket
- tek i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- utviklar evna til å bearbeide og kommunisere inntrykk og gi varierte uttrykk gjennom skapande verksemd
- utviklar elementær kunnskap om verkemiddel, teknikk og form for å kunne uttrykkje seg estetisk i visuelt språk, musikk, song, dans og drama
- opplever at kunst, kultur og estetikk bidreg til nærleik og forståing.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- skape nok rom for både vaksenleidde og barnestyrt aktivitetar for å utøve og nyte estetiske inntrykks- og uttrykksformer
- ha eit bevisst forhold til samspelet mellom kunst, kultur og leik
- sørgje for at barna dagleg har tilgang til bøker, bilete, instrument, utstyr til å kle seg ut med og rikeleg, variert materiale og verktøy for skapande verksemd
- lytte og vere merksame på det kulturelle uttrykket til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å utforske dei estetiske områda vidare
- motivere barna til å uttrykkje seg og gi dei høve til å finne sine eigne uttrykksformer
- sørgje for ein estetisk dimensjon i fysisk miljø og innhald
- oppmuntre og stimulere barna til å sjå på estetiske fenomen og detaljar i møte med natur og fysisk miljø og i kunstnariske uttrykksmåtar i arkitektur, bilete, tekst, musikk og rørsler
- sørgje for at barn opplever lokale, nasjonale og internasjonale kunst- og kulturuttrykk, og at dei får møte kunstnarar
- gi barna høve til å bli kjende med tradisjonar innanfor bumiljø, byggjekunst og handverk, kulturlandskap og kulturminne i lokalmiljøet.

3.4 Natur, miljø og teknikk

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vêr. Naturen er ei kjelde til vakre opplevingar og gir inspirasjon til estetiske uttrykk. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende

med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.

Gjennom arbeidet med natur, miljø og teknikk skal barnehagen bidra til at barna

- opplever naturen og undrar seg over kor mangfaldig han er
- opplever glede ved å ferdast i naturen og får grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen
- får erfaring med og kunnskap om dyr og vekstar og at dei er avhengige av kvarandre og viktige for matproduksjonen
- lærer å observere, undre seg, eksperimentere, systematisere, beskrive og samtale om fenomenen i den fysiske verda
- erfarer korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- ta utgangspunkt i nyfikkna, interessene og føresetnadene til barna og stimulere dei til å oppleve med alle sansar, observere og undre seg over fenomenen i naturen og teknologien
- i tale og handling fremje ei forståing for berekraftig utvikling og velje litteratur og aktivitetar som fremjar ei slik forståing
- inkludere friluftaktivitetar og uteleik i barnehagekvardagen
- bruke nærmiljøet for at barna skal kunne observere og lære om dyr, fiskar, fuglar, insekt og plantar
- la barna få innsikt i matvareproduksjon
- gi barna begynnande kunnskap om fødsel, vekst, aldring og død
- bygge på og vidareutvikle erfaringane barna har med tekniske leiker og teknikk i kvardagen.

3.5 Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdiar prega norsk og europeisk kultur. Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Noreg er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Den etiske rettleiinga barnehagen gir barna, må ta omsyn til føresetnadene til det enkelte barnet og den kulturelle og religiøse eller verdimessege tilknytninga til den enkelte heimen.





Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna

- erfarer at grunnleggjande spørsmål er vesentlege, ved at dei får høve og ro til undring og tenking, samtalar og forteljingar
- tileignar seg grunnleggjande samfunnsnormer og -verdiar
- utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til kvarandre, uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhøyrsla
- får innsikt i grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og deira plass i kulturen
- får kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar, og tradisjonar knytte til høgtider i religionar og livssyn som er representerte i barnegruppa
- blir kjende med religion, etikk og filosofi som del av kultur og samfunn.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- vere bevisste på det yrkesetiske ansvaret for å praktisere verdi-grunnlaget til barnehagen
- møte tru, spørsmål og undring med alvor og respekt
- skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtalar
- skape interesse for og bidra til forståing og toleranse for forskjellige kulturar og ulike måtar å leve på
- hjelpe barn i konfliktsituasjonar til å finne konstruktive løysingar
- vere bevisste på at personalet er førebilete, og opptre slik at barna kan få støtte i sin eigen identitet og respekt for kvarandre
- la den kristne kulturarven komme til uttrykk mellom anna gjennom høgtidsmarkeringar, og markere andre religiøse, livssynsmessige og kulturelle tradisjonar som er representerte i barnehagen

3.6 Nærmiljø og samfunn

Det at barna får påverke det indre livet i barnehagen, kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Han skal leggje vekt på å styrkje kunnskapen om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Barn skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Barna har ulike erfaringar frå heimen, omgangskretsen og reiser, noko som kan gi kunnskap om ulike samfunn. Fagområdet omfattar òg korleis media påverkar kvardagen til barna.

Gjennom arbeidet med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna

- utviklar tillit til eiga deltaking i og påverknad på fellesskapen
- erfarer at alle menneske, uavhengig av alder og føresetnader, inngår i og bidreg til barnehagefellesskapen

- blir kjende med og deltek i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet
- opplever at det blir teke like mykje omsyn til gutar og jenter
- blir kjende med nokre historiske endringar i lokalmiljøet og samfunnet
- utviklar forståing for ulike tradisjonar og levesett
- blir kjende med at samane er urfolket i Noreg, og får kjennskap til samiske forteljingar, segner og andre delar av den samiske kulturen og det samiske kvardagslivet.

For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- følge demokratiske prinsipp i det daglege arbeidet
- arbeide for at alle barn får erfare at dei er verdifulle og viktige for fellesskapen
- sørgje for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og andre
- gi barna begynnande kunnskap om kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen
- arbeide med likestilling mellom gutar og jenter og sørgje for at begge kjønna får varierte utfordringar og like mykje merksemd
- sørgje for at barna utvidar forståinga om kulturelle likskapar og skilnader og arbeide for eit inkluderande miljø som motverkar mobbing og rasisme
- vere oppdaterte og opptekne av samfunnet og vise interesse for bumiljøet til barna og alt lokalmiljøet har å by på
- bruke ressursane i nærmiljøet til gode opplevingar og læring som er tilpassa føresetnadene og interessene til barna, og sørgje for at barnehagen bidreg aktivt i nærmiljøet
- gi barna meiningsfylte møte med personar, arbeidsplassar og institusjonar i nærmiljøet og sørgje for at barna får bearbeide og utdjupe opplevingane
- bruke litteratur og media for å utvide og utdjupe erfaringane og læringa til barna
- bidra til at barna er nysgjerrige og kritiske til det som blir formidla i media.

3.7 Tal, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre utforskinga og leggje til rette for tidleg og god stimulering.

Gjennom arbeidet med tal, rom og form skal barnehagen bidra til at barna

- opplever glede over å utforske og leike med tal og former
- tileignar seg gode og omgrep som er greie å bruke
- erfarer, utforskar og leikar med former og mønster
- erfarer ulike typar storleikar, former og mål gjennom å sortere og samanlikne
- erfarer plassering og orientering og slik utviklar lokaliseringsevner.


For å arbeide i retning av desse måla må personalet

- vere lyttande og merksame i forhold til matematikken barnet uttrykkjer gjennom leik, samtalar og kvardagsaktivitetar
- støtte den matematiske utviklinga til barnet med utgangspunkt i interesser og uttrykksformer
- vere bevisste på sin eigen omgrepsbruk om matematiske fenomen
- styrkje kunnskapstørsten, matematikkgleda og lysta barnet har til å utforske matematiske samanhengar
- resonnerer og undre seg saman med barna om likskapar, ulikskapar, storleikar og tal og stimulere evna til å bruke språket som reiskap for logisk tenking
- sørge for at barna har tilgang til og tek i bruk ulike typar spel, teknologi, teljemateriell, klossar, leikar og formingsmateriell, og tilby materiell som gir barna erfaring med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning
- gi barna impulsar og erfaringar med design ved å utforske, oppdage og skape ulike former og mønster
- leggje til rette for at barna i leik og kvardagsaktivitetar får erfaringar med ulike typar mål, måleiningar og målereiskapar, og stimulere barna til å fundere rundt avstandar, vekt, volum og tid. *



DEL 3

Planlegging og samarbeid



KAPITTEL 4

Planlegging, dokumentasjon og vurdering



Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Den enkelte barnehagen står fritt til å velje metodar og omfang ut frå lokale føresetnader og behov. Gjennomføringa av planane må vere så fleksibel at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna. Barnehagestyraren har eit særleg ansvar for å setje i verk og leie arbeidet med planlegging, dokumentasjon og vurdering. Den pedagogiske leiaren skal planleggje, dokumentere og vurdere arbeidet i barnegruppa som han/ho har ansvaret for. Styraren og den pedagogiske leiaren har ansvar for at måla og rammene til barnehagen er klarlagde for personalet, for at det blir utvikla ei felles forståing for måla blant medarbeidarane, og for at foreldra får god og nok informasjon om barnehageverksemda. Det bør leggjast til rette for brei medverknad frå barna, foreldra, barnehagepersonalet og eigarane når ein planlegg, dokumenterer og vurderer den pedagogiske verksemda.

4.1 Planlegging

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Planlegginga av den fysiske utforminga, organiseringa, innhaldet og prosessane må gjerast med utgangspunkt i det overordna målet til barnehagen, som er gitt i barnehagelova og utdjupa i rammeplanen. Planlegginga må baserast på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, individuelt og i grupper, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Alle barnehagar skal ha ein årsplan. Den enkelte barnehagen avgjer i kva grad det i tillegg bør lagast planar for kortare periodar. Barnehagen kan òg ha behov for ein langtidsplan for å sikre progresjon og samanheng i læring og oppleving gjennom heile barnehageopphaldet. Også organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling for personalet må ein sjå i eit lengre perspektiv. Ein bør sjå barnehageplanane i samanheng med kommunal planlegging av barnehagesektoren og oppvekstmiljøet.



Årsplanen har fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning
- utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen
- informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigaren, politikarane, kommunen, samarbeidspartar og andre interesserte.

Årsplanen skal innehalde informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å fremje den allsidige utviklinga til barna i samarbeid og forståing med heimen. Planen må gi informasjon om korleis føresegna i barnehagelova om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Markeringa av lokale kulturhendingar bør òg nedfellast i planen. I barnehagar for samiske barn i samiske distrikt bør den samiske årstidskalendaren leggjast til grunn for arbeidet. Planar for når barna skal gå over frå barnehagen til skulen, skal òg nedfellast i årsplanen.

Årsplanen må konkretisere kva barnehagen skal gjere for å leggje til rette for at barna skal få medverke. Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Foreldra må få høve til å vere aktivt med på å planleggje innhaldet i barnehagen. Spørsmål om innhald og prioriteringar må drøftast i forelderådet og i samarbeidsutvalet. Det er viktig å leggje opp til ei drøfting med foreldra om kva dei ønskjer å medverke i, og korleis. Styraren har det faglege ansvaret for innhaldet i årsplanen.

4.2 Dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring

Kunnskap om arbeidet til personalet og verksemda til barna i barnehagen er viktig som grunnlag for utviklinga i barnehagen. Dokumentasjon kan vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Læringa til barna og arbeidet til personalet må gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen og barnehagen som arena for leik, læring og utvikling.

Dokumentasjon frå barnehagen kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagestyresmakt informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn når ein dokumenterer leik, læring og arbeid. Både barn og foreldre kan reagere dersom for mykje av det barna seier og gjer, blir observert og vurdert skriftleg.

Dokumentasjon som er knytt til enkeltbarn, kan brukast i tilknytning til samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen når det skjer i samarbeid og forståing med foreldra/dei føresette. Dersom det skal setjast opp spesifikke mål for enkeltbarn, må det vere grunnleggjande, og måla må setjast i samarbeid med foreldra og eventuelle samarbeidspartar utanfor barnehagen. Denne typen dokumentasjon er underlagd teieplikt. Register i samband med planlegging og observasjon kan vere konsesjonspliktige etter

personopplysningslova av 14. april 2000 nr. 31. Etter denne lova er det krav om konsesjon frå Datatilsynet for å behandle sensitive personopplysningar. Foreldra har rett til å sjå dokumentasjon om barna sine.

4.3 Vurdering av arbeidet til barnehagen

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet skal derfor observerast og vurderast heile tida. Merksemda må rettast både mot samspelet barna imellom, mellom barna og personalet og mellom dei tilsette i barnehagen. Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar.

Barnehagestyraren har eit overordna ansvar for at den pedagogiske verksemda blir vurdert på ein planlagd, systematisk og open måte. Styraren må sørgje for at vurderinga skjer i forståing med foreldra og personalgruppa. Forelderådet og samarbeidsutvalet i barnehagen skal ha høve til reell påverknad på vurderingsprosessen. Korleis vurderinga av barnehagearbeidet skal gjennomførast, må nedfellast i årsplanen: Kva skal vurderast, kva er formålet, kven skal delta i vurderingsarbeidet, og korleis og når skal det skje?


Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Barnehagen skal normalt ikkje vurdere måloppnåing hos enkeltbarn etter gitte kriterium, jf. avsnittet ovanfor om dokumentasjon av utviklinga til enkeltbarn.

Informasjon og dokumentasjon skal gi grunnlag for refleksjon og diskusjonar i personalgruppa og med barn og foreldre. Resultata av vurderinga bør leggjast til grunn for arbeidet med den neste årsplanen.

Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen. Vurdering er òg viktig for å kunne fornye verksemda og barnehagen som organisasjon. Barnehagen bør arbeide med fornying bygd på intensjonar som er nedfelte i planane, omsynet til den konkrete barne- og foreldregruppa og aktuelle utfordringar i lokalmiljøet og samfunnet.

Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. Barnehagen som organisasjon ber på tradisjonar, samansett kompetanse, «innforståthet» og taus kunnskap som det er viktig å setje ord på og reflektere over når ein skal leggje grunnlaget for den vidare kvalitetsutviklinga. 🍏





KAPITTEL 5

Samarbeid



Kommunen har ansvaret for at dei ulike tenestene for barnefamiliane er godt koordinerte. For at barna og foreldra skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for oppveksten og utviklinga til barna, må barnehagen samarbeide med andre tenester og institusjonar i kommunen. Tverrfagleg og heilskapleg tenking bør derfor stå sentralt. Både foreldra og barnehagen kan ha behov for å samarbeide med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid må ein følgje føresegnene om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

5.1 Grunnskulen

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgangen frå barnehage til skule skal vere nedfelte i årsplanen til barnehagen.

Barnehagen og skulen er begge institusjonar for omsorg, leik, læring og danning. Barna kjem til å møte både likskapar og ulikskapar mellom institusjonane. Barnehagen og skulen bør gi kvarandre gjensidig informasjon om dei respektive verksemdene. Barnehagen og skulen har eit felles ansvar for at barna kan møte ulikskapane med interesse og tillit til eigne føresetnader. Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

Dersom barnehagen skal gi skulen informasjon om enkeltbarn, skal foreldra samtykkje i det. Foreldra må få innsyn i og kunne påverke på informasjonsutvekslinga. Samarbeidet må både fokusere på kva barnet kan og meistrar, og på kva dei kan trenge særskild støtte til. Eit nært samarbeid mellom barnehagen og skulen er særleg viktig for barn som har behov for eit særskilt tilrettelagt omsorgs- eller læringsmiljø. Dersom det er behov for omfattande tilrettelegging, må samarbeidet etablerast i god tid før barnet begynner

på skulen. Barna i ein barnehage kan sokne til fleire skular. Den enkelte kommunen må finne gode løysingar på korleis barnehagen og skulen konkret skal samarbeide.

5.2 Barnevernstenesta

Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. For å kunne ta hand om barn i slike alvorlege situasjonar, er barnevernet ofte avhengig av å få opplysningar frå andre.

Gjennom den daglege nære kontakten med barn er dei tilsette i barnehagane i ein sentral posisjon når det gjeld å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. For at barn i alvorlege situasjonar skal bli sedde av barnevernet og få den hjelpa dei treng, er det svært viktig at dei tilsette i barnehagane oppfyller opplysningsplikta når det er nødvendig. Alle barnehagetilsette har etter barnehagelova § 22 opplysningsplikt overfor barnevernet utan å vere hindra av teieplikta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla, eller dersom det er snakk om andre former for alvorleg omsorgssvikt.


Barnehageplass er eit tiltak barnevernstenesta brukar. Barnehageplass kan anten vere eit frivillig hjelpetiltak eller eit pålagt tiltak frå barnevernstenesta. Etter barnehagelova § 13 har barn det er fatta vedtak om etter barnevernlova §§ 4–12 og 4–4 andre leddet, rett til prioritet ved opptak. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom barnevernet og barnehagen både der barnehageplass er brukt som eit tiltak etter barnevernlova, og i andre tilfelle der barnevernet har behov for bistand frå barnehagen i forhold til eit konkret barn.

Det bør etablerast eit generelt og systematisk samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. Den enkelte kommunen må finne fornuftige løysingar på korleis barnehagen og barnevernet skal samarbeide. Målet bør vere å få til eit samarbeid som er basert på regelmessig og formalisert kontakt, på felles mål i forhold til barnet og på kunnskap om arbeidsoppgåvene og arbeidsformene til kvarandre. Barnehagen og barnevernet er to av fleire aktørar som bidreg til å skape trygge oppvekstvilkår for små barn.

5.3 Helsestasjonen

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremjande arbeid for å tryggje oppvekstvilkåra til barna i kommunen. Helsestasjonen kan foreslå at det blir søkt om barnehageplass for barn som har særleg behov for pedagogisk tilbod, og vere ein sakkunnig instans ved tilråding om prioritet ved opptak. Helsestasjonen kan vere ein samarbeidspart for å leggje tilbodet til rette for barn med særlege behov.

Helsestasjonen skal kunne bidra med råd og rettleiing i samband med lækjemiddelhandtering i barnehagar og om smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral når det gjeld å kartleggje språket til barn.



5.4 Den pedagogisk-psykologiske tenesta

Ansvar og oppgåvene som den pedagogisk-psykologiske tenesta har for barn under opplæringspliktig alder, er heimla i opplæringslova av 17. juli 1998 nr. 61, § 5–6. Retten barn har til spesialpedagogisk hjelp, er heimla i § 5–7 i same lova. Barnet kan få den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er ein av dei faglege instansane som kan gi ei sakkunnig vurdering av om eit barn med nedsett funksjonsevne skal ha fortrinnsrett ved opptak i barnehage etter barnehagelova § 13. I desse tilfella kan den pedagogisk-psykologiske tenesta dessutan gi råd og rettleiing til barnehagen.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er sakkunnig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer samarbeid om og hjelp til enkeltbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje. Foreldra må trekkjast aktivt med i dette samarbeidet.

5.5 Utdanningsinstitusjonar

Etter barnehagelova § 24 har barnehageeigarar plikt til å stille barnehagen til disposisjon for øvingsopplæring for studentar som tek førskulelærerutdanning. Barnehagestyraren og dei pedagogiske leiarane har plikt til å rettleie studentane i slik øvingsopplæring. Barnehagen bør òg samarbeide med vidaregåande skular som utdannar fagarbeidarar i barne- og ungdomsarbeid. Studentpraksisen i barnehagen må passast inn i årsplanen til barnehagen. Barnehagane kan òg samarbeide med høgskular og universitet om utviklingsarbeid, etterutdanning og kompetanseutvikling.

5.6 Sametinget

Sametinget forvaltar midlar som kan brukast til tiltak for samiske barn i barnehagar, og kan gi rettleiing og bistand til personalet uavhengig av kvar i landet barnehagen ligg.

5.7 Andre samarbeidspartar

Barnehagen bør samarbeide med lokalsamfunnet for å gi barna varierte opplevingar og tilknytning til nærmiljøet. Eit godt samspel mellom barnehagen og skulen, kulturlivet, institusjonar, frivillige organisasjonar og kyrkjelydar kan gjere både barnehagen og lokalmiljøet rikare og bidra til å gi barnehagen lokal forankring.







Utgjeve av:
KUNNSKAPSDEPARTEMENTET 2011

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Publikasjonskode F-4205 N
Første utgåve 2006
Revidert utgåve 2011

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hjå:
Fagbokforlaget,
Postboks 6050, Postterminalen,
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Telefax: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Design: Tank Design as
Layout: Grøset
Foto: Sveinung Bråthen, foto side 25 ©Ole Åsheim/Samfoto
Trykk: Grøset 04/2011 – opplag 15 000

